



Patrick Gimmerstad og Bjørnar Tønnesen frå elveguiden.no på plass i Uskedalselva.

Patrick Gimmerstad og Bjørnar Tønnesen frå Elveguiden.no har vore i Uskedalen i helga. Dei har fiska og fått eit inntrykk av ei elv med store muligheter. Uskedal Elveforvaltning kjøper tenester frå elveguiden.no, som har kontoradresse i Trondheim. Det gjer ein saman med om lag 60 andre elveorganisasjonar i Noreg. På nettsida deira er overskrifta: Uskedalselva - ei perle i Hardangerfjorden.

Uskedalen.no møter Patrick og Bjørnar i elva på Nedre Fet. Dei reiser rundt og likar å sjå plassane og elvane dei yter tenester. I helga var elva ideell for fiske og mange strøymde til Uskedalen frå andre bygder i Kvinnherad og frå regionane rundt.

Ved overgang til ny modell og organisasjon valde styret i Uskedal Elveforvaltning å kjøpa tensester frå elveguiden.no. Det gjeld mellom anna informasjon om elva, kjøp av fiskekort, fangstrapportering, statistikkar, kart, fiskereglar, booking og marknadsføring. Det er ein total pakke der alt dette og meir til er lagd inn.



Elveguiden.no er ei landsdekkande verksemd som sel sine tenester til 60 norske elvar.

Uskedalselva vert med dette profilert saman med mange landskjende elvar, som Surna, Årdal i Ryfylke, Etne,

Granvin og Bolstadelva. Den 11 km lange elva er delt inn i 11 soner eller vald. Fiskarane avgjer sjølve i kva sone dei vil fiska. Alle valda er skilta og merka på digitale kart.

Elva er open for fiske fram til 01. september.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal